



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Kopimottakar

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1915 - 15/12202

Saksbehandlar:

Kristine Skaiaa Born

kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:

14.10.2015

Vedtekter for landbruksfagrådet i Radøy – rettet kopi.

Dok. ref. Dato:

12/807-4/K2-V01//LTA

Manger: 11.03.2013

Vedtekter for Landbruksfagrådet i Radøy

Vedtatt av Radøy kommunestyre 24. mai 2012, sak 035/12.

§ 1 Landbruksfagråd

Landbruksfagrådet i Radøy vert oppretta etter vedtak i Radøy kommunestyre.

§ 2 Føremål og arbeidsoppgåver

Landbruksfagrådet skal vera rådgjevande organ for kommunestyret, formannskapet og hovudutvalet i landbruksrelaterte saker, dvs. forslag til endringar i jordlov, skoglov, konsesjonslov, odelslov og plan- og bygningslov (LNF-områda) som kjem på høyring til kommunane, kommuneplanar, kommunedelplanar og områdeplanar, tiltaksretta planar for bruk av ulike økonomiske verkemiddel/strategiske næringsplanar som gjeld landbruket, landbruks-kompetansen i kommunen og andre aktuelle saker som landbruksfagrådet bør gje uttale til.

Arbeidet i landbruksfagrådet skal byggja på særlovene i landbruket med forskrifter og i samsvar med overordna landbrukspolitiske mål og retningslinjer.

Landbruksfagrådet skal kvart år leggja fram årsmelding for kommunestyret.

§ 3 Samansetjing av landbruksfagrådet

Landbruksfagrådet i Radøy skal vera samansett av ein representant frå kvar av følgjande lag/organisasjonar og utval:

Radøy bondelag

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Radøy bonde- og småbrukarlag
Radøy sau og geit
Underutvalet for vilt og innlandsfiske
Kommunestyret

Representantane i landbruksfagrådet skal i utgangspunktet veljast for 4 år om gongen og følgjar valperioden.

Lag/organisasjonar kan likevel velja sine representantar for to år om gongen dersom dei ynskjer dette. Desse vala skal meldast skriftleg til Radøy kommune.

For kvar representant skal det veljast ein vararepresentant.

Landbruksfagrådet vel sjølv leiar og nestleiar.

§ 4 Møte og administrasjon

Det vert halde møte minst to gonger for året og elles når minst tre av medlemene krev det.

Leiaren kallar inn til møte og saklista og aktuelle dokument skal følgja innkallinga.

Felles landbrukskontor skal vera sekretariat for landbruksfagrådet og fører møteboka.

Utgiftene til møta vert dekkja av kommunen og medlemene får møtegodtgjersle som for andre kommunale råd og utval.

§ 5 Vedtekter

Kommunestyret godkjenner vedtektene for landbruksfagrådet og vedtek også eventuelle endringar i desse.

Med helsing

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedtekter for Landbruksfagrådet i Radøy - rettet kopi